

Diss

VEG OG VIRKE




I MØRE OG ROMSDAL FYLKE

Nr. 1

FEBRUAR 1979

7. årg.

BIBLIOTEKET
VEGDIREKTORATET



VEG OG VIRKE

I MØRE OG ROMSDAL FYLKE

Nr. 1

FEBRUAR 1979

7. årg.

**BEDRIFTSAVIS FOR
VEGVESENET I MØRE OG
ROMSDAL FYLKE**

Redaksjonsråd:

Ottar Brudeseth

Kåre Hansen

Arne Johnsen

Thoralf Neraas

Andor Wicken

Olaus Winther

Redaksjonssekretær:

Terje Haug

Utgitt av samarbeidsutvalget

Redaksjonens adresse:

Fylkeshuset,

Julsundvegen 7, 6400 Molde

Sats og trykk:

Jan Betten & Sønns Trykkeri,
Tingvoll

Opplag: 1300

Bidragsytere:

Egil Bakke

Sverre Digernes

Einar Drugli

Kristian Furland

Anders Grotle

Oddmund Gussiås

Kåre Hansen

Sverre Hjelvik

Arne Johnsen

Arne Lauvrak

Terje Lindstad

Kjell Loen

Magne Mørkedal

Geirmund Nordal

Bjarne Rekdal

Olav Smørød
Stein Tessem
Arne Inge Torvik
Eivind Vollset
Andor Wicken

Innhold:

Side

- 3 Ved årsskiftet
- 4 Frå krigstida i 1940
- 5 Samferdselsutvalet
- 8 Anleggsdrifta på riksvegane i 1979
- 9 Hyggelig tiltak av Ulstein kommune
- 10 «Veg og Virke» i fylket
- 13 Anleggsarbeider 1979 innenfor T-4
- 19 Minneord
- 20 Standardheving ved vegbygging
- 21 Vegkasserekneskapen og boktrykkaren
- 22 Faste dekke
- 26 Kryssord
- 28 Kursdag i Molde
- 29 Veteranklubben
- 30 Nordsund bru
- 33 Landets første kvinnelige inspektør i biltilsynet
- 34 5 minutter med vernelederen
- 36 Bruk bilbelte
- 38 Tal frå ferjedrifta
- 40 Nytt fra arbeidsmiljøutvalget
- 42 Nytt fra samarbeidsutvalget
- 44 Bedriftsidrett
- 45 Hilsen fra Divers Club
- 46 For dyre gang- og sykkelvegar
- 47 Vi gratulerer
- 48 Tanker om pensjonisttilværelsen

VED ÅRSSKIFTET

Alt folket driv i desse dagar med årsrekneskap og status. Det er sjølv melding, vareoppteljing, vinning og tap.

Mykje sukk og syting — trass i at vi gjennomsnittsmenneske materielt sett aldri har hatt det betre og letta re her i dette landet. — Ut over våren skal vi få årsmeldingane frå dei store konserna, reiarlaga og selskap av ymse slag — der resultatet av framskrivne prognosar, mislukka opplegg, feil satsing, for store driftskostnader, for liten arbeidsinnsats o.s.v. registrerar som sorgjelege konsekvens: opeting av kapitalen, underskot i drifta — og difor også sjølvsagt utbytte = 0.

Vegvesenet held og på med å setje opp status pr. 1. januar 1979 og årsmelding for 1978: Korleis er vegstandarden og trafikkstandarden ved årsskiftet? Kva fekk vi gjort i 1978? Pengeforbruket til dei ulike oppgåvene? Greidde vi å gjennomføre det fysiske programmet som vi sette opp i desember 1976 for 1978-budsjettet? Kva har svikta? Og kva er i tilfelle årsaka? — Kanskje må vi i vegvesenet også i samband med årsrekneskapen ta den tunge registreringa av mislukka opplegg og feil satsing. I desse innstrammingstider må vi visseleg spesielt vere merksam på kostnadsspørsmålet, nøyne vurdere rasjonalisering og effektivitet, reise spørsmålet om større trott og betre utnytting av arbeids-

tida og ressursane, og i det heile få att mest mogleg for pengeforbruket.

Og utbyttet etter året? — Jau, vi veit det syner noko etter oss også frå året 1978. Noko som står att traust og tenleg, verk som varer — om ikkje «til verdi øydest», så i alle høve lenger enn vi sjølv varer.

Resultatet for 1978 skal også vegvesenet sende ut i si årsmelding ut på våren ein gong. Fylkestinget, kommunane i fylket, massemedia, etatar og organisasjonar m.v. får denne årsmeldinga og kan då kvar for seg gjere seg opp ei mening om korleis vegvesenet har nyttå året og ressursane, og kan ut frå sine synspunkt vurdere status for den delen av samfunnseiga som vegvesenet er sett til å forvalte. Ut frå det får vel vegvesen også si «notering på børsen».

Etter endå eit fullendt driftsår vil eg ved dette høvet seie takk til alle medarbeidarar i vegvesenet si vide verksemd over heile fylket for samvitsfullt og solid arbeid i det farne året.

La vi som er tilsett i vegvesenet i vår status ved årsskiftet i stor takksemad ta med at vi har fått ein fast og god arbeidsplass for vår yrkesaktive tid. Det er særleg grunn til å setje pris på ein slik føremonn og tryggleik ved dette årsskiftet, når tusental av arbeidsføre elles i landet er arbeidsledige eller lever i stor uvisse om sin framtidige arbeidssituasjon.

Diverre er det til det keisame blitt ei motesak i samfunnet å syte og dra fram det negative og grå, utan å gi uttrykk for glede ved alle dei gode sidene ved tilværet. Alle vi som hugsar arbeidsløysa i mellomkrigstida, vil vite å verdsetje ein trygg arbeidsplass som noko som mange gonger veg opp alt det som ein elles til vanleg kan greie å leite opp av negativ art i våre tenestetilhøve i velstandssamfunnet.

Takk til politiske og administrative organ på stats-, fylkes- og kommuneplan for tillit, tiltru og forståing som er synt vegvesenet. Takk for konstruktivt samarbeid og tenlege idear.

Eg vil gjerne minne om at vegvesenet er eit serviceorgan for alt folket.

Det er einærleg vilje i heile vår etat til å gjere jobben vår så godt råd er. — Vi får finne oss i at nokon av og til glefser etter oss, og det hører vel med til vondskapen i verda at nokon sår mistru til vår gode vilje og talar vondt om oss.

Slik kan sjølvsgått drepe arbeidsglede og bremse arbeidsvilje, og er vel dermed heller ein ring art av samfunnsinnsats. — Det er alle dei som i skjønsemeld hjelper oss, og som i motgangen er overberande mot oss, som vi kjem til å hugse — og som dermed saman med oss rydder vegen inn i framtida. I ferd på den vegen ønskjer vi: Godt nytt år!

Arne Inge Torvik

Frå krigstida i 1940 — ansvar og reiskap

Arbeidsformann Kristoffer Pedersen, Eggesbønes, fekk i slutten av april 1940 oppmøding frå Sunnmøre Faglege Samorganisasjon om å tinga folk til frivillig vegarbeid i Romsdalen for Møre og Romsdal vegvesen. Det vart oppmoda om å ta med verkty — slik som hakker og spadar.

Frå Herøy og Leikanger reiste 50 mann, og det vart medteke 8 hakker og 9 spadar frå eit veganlegg. Desse reiskapane var det uråd å få med då mannskapet måtte reise frå Mølmen i mai.

Kristoffer Pedersen fekk etterpå høyre kritikk for at dei hadde teke

med verkty frå anlegget. Han skreiv difor til Møre og Romsdal vegkontor den 8. juli 1940 og sa at han som leiar for arbeidarane ville betale for den bortkomne reiskapen, men at han først vill gjere vegkontoret kjent med dei faktiske tilhøve.

Frå overingeniøren for vegvesenet i Møre og Romsdal vart det straks svara at Pedersen, slik som tilhøva var, ikkje hadde noko ansvar om reiskapen skulle vere kome bort.

Bjarne Rekdal

Samferdselsutvalet — Møre og Romsdal fylkeskommune sitt faste fagorgan på samferdselssektoren

Frå og med 1. januar 1976 vart samferdselsutvalet etablert som fylkeskommunalt hovudorgan med hovedoppgåve å tene som fylkeskommunen sitt faste fagorgan og rådgjevar i samferdselssaker. Utvalet er sammensett av 11 medlemmar oppnevnt av fylkestinget, og valet gjeld for den fylkeskommunale valbolken. Etter fylkestingvalet hausten 1979 skal det såleis veljast nye medlemmar til samferdselsutvalet for den komande valperioden 1980-83.

Fram til og med 31. desember 1978 fungerte ei ordning der 7 av medlemmane i samferdselsutvalet utgjorde ei samferdselsnemnd etter reglane i Lov om samferdsel av 4. juni 1976. Arbeidsoppgåvene for denne nemnda har vore avgrensa til samferdselslova sitt verkeområde. Grovt sett kan ein seie at dette gjeld regulering av all transport med motorvogn og parti i samsvar med dei reglane samferdselslova med forskrifter gir for dette saksområdet (rutekonsesjonar, drosjeløyve m.v.). Sekretariat for samferdselsnemnda har vore det statlege samferdselskontoret i fylket med fylkestrafikk-sjefen som leiar.

Dei fire andre medlemmane i samferdselsutvalet utgjorde på si side fram til same tidspunktet eit **fylkesvegstryre** etter reglane i veglova av 21. juni 1963. Fylkesvegstyret sitt

ansvarsområde har tilsvarende vore avgrensa til veglova sitt verkeområde. Hovudtyngda av arbeidsoppgåvene har bestått i avkøryslesaker (klagesaker), omklassifiseringssaker og detaljplansaker for fylkesveg. Vegsjefen har utført sekretariatstesta for fylkesvegstyret.

Det samla samferdselsutvalet sitt arbeidsområde har vore alle andre saksfelt på samferdselssektoren som hører til fylkeskommunen sitt ansvarsområde, eller som fylkeskommunen har tatt opp etter eige tiltak.

Det kan kort nemnast saksområde som til dømes:

- forvaltning av fylkeskommunale midlar løyvdé til veg- og samferdselsformål innanfor budsjettet sine rammer og føresetnader
- opprettning av nemnder for løysing av tidsavgrensa oppgåver.

På desse felta gjer samferdselsutvalet endelige vedtak. Rammene for slike vedtak kan utvidast gjennom delegasjon av avgjerdsmynde frå fylkesutval og fylkesting på konkrete saksområde.

I andre saker gir samferdselsutvalet sine tilrådingar til fylkesutval og fylkesting, til dømes:

- årsbudsjett, langtidsbudsjett, Norsk Vegplan, investeringsprogram for fylkesvegar, samferd-

- selsplanen m.v.
- tilsettingar i overordna stillingar på samferdselssektoren i vårt fylke
 - forskotterings- og refusjonsordningar, bompengeprosjekt, distriktsutbyggingsprosjekt m.v.

I heile perioden 1. januar 1976 - 31. desember 1978 har vegsjefen sytt for sekretariatsfunksjonen for samferdselsutvalet.

Frå 1. januar 1979 er det statlege samferdselskontoret overført til den fylkeskommunale forvaltninga. Den tidlegare fylkestrafikksjefen er tilsett som samferdselssjef og administrativ leiar for den nye fylkes-

kommunale samferdselsavdelinga. Frå same tidspunktet er sekretariatsfunksjonen for samferdselsutvalet overført fra vegkontoret til samferdselsavdelinga.

Endringar i veglova og samferdselslova i 1978 saman med ovannemnde omorganisering av samferdselsadministrasjonen gjorde det nødvendig med ei tilsvarende organisasjonsendring for dei fylkeskommunale politiske organa på denne sektoren (samferdselsutvalet, fylkesvegstyret, samferdselsnemnda). Fylkestinget gjorde i desember 1978 vedtak om å velje det «gamle» samferdselsutvalet som nytt samferdselsutsval for resten av valperioden (ut 1979) i medhald av dei endra reglane i veg-



Ståande frå venstre førstekonsulent Olav Smørdal (utvalets sin sekretær), samferdselssjef Lasse Hjermann, vegsjef Arne Inge Torvik, Olmar Lien, Jon Rabben, Øystein Østensen Goksøy.

Sitjande frå venstre Georg O. Fiske, Hans M. Ryste, Ola Øvregård (formann), Petter Garte (nestformann), Kjell Furnes, Ola O. Fiske.

lova og samferdselslova. Samstundes gjorde fylkestinget vedtak om å overføre avgjerdsmynne som ved tidlegare fylkekommunale vedtak var lagt til fylkesvegstyret, samferdselsnemnda og det samla samferdselsutvalet, til det nye samferdselsutvalet.

Med verknad frå 1. januar 1979 er såleis fylkesvegstyret og samferdselsnemnda avvikla, og funksjonane/arbeidsoppgåvene er overført til samferdselsutvalet. Dette representerer sjølv sagt ei organisasjonsmessig forenkling som ein også vinar vil rette på den «forvirringa» som synest å ha rådd hittil mellom publikum og i massemedia med omsyn til namnebruk og kunnskap om kva dei tre ulike organa stod for.

Ola Øvregård, 6140 Syvde, formann
Petter Garte, 6650 Surnadal,
varaformann

Kristoffer A. Rodal, 6690 Aure
Jon Rabben, 6057 Ellingsøy
Charles Remø, 6097 Remøylandet
Øystein Østensen Goksøyr,

6096 Runde
Olmar Lien, 6360 Åfarnes
Kjell Furnes, 6400 Molde,
(fylkesordførar)
Ola O. Fiske, 6653 Øvre Surnadal
Øystein Eliassen, 6230 Sykkylven
Hans M. Ryste, 6150 Ørsta

Som ledd i den interne organiseringa av arbeidet i det nye samferdselsutvalet er det likevel sett fram forslag om å etablere eit eige underutval. Dette utvalet — under nemninga **vegklageutvalet** — vil i stor grad få same arbeidsområde som det tidlegare fylkesvegstyret med ein del unntak. Det vil etter forslaget bli eit reint klageutval for dei saker etter veglova der fylkeskommunalt organ er ankeinstans (avkøryslesaker, byggegrensesaker o.l.). I skrivande stund er denne organiseringa enno ikkje drøfta av samferdselsutvalet.

Følgjande personar er medlemmar i samferdselsutvalet denne valperioden (varamenn i parantes):

(Petter Borgen, 6290 Haramsøy)
(Rikard Olsvik, 7380 Rindal)

(Georg O. Fiske, 6653 Øvre Surnadal)
(Ragnar Unhjem, 6150 Ørsta)
(Erling Korsnes, 6280 Syvikgrend)
(Torolf Yttervik,

6500 Kristiansund)
(Dankert Teigen, 6143 Fiskåbygd)
(Harald Aas, 6440 Elnesvågen)

(Jakob E. Øye, 6195 Norangdal)
(Ingvard Sverdrup, 6500 Kr.sund)
(Ingar Gjøstøl, 6500 Kristiansund)

Dei fire sistnemnte (med varamenn) er også medlemmar i fylkesutvalet.

Olav Smørda

Litt om anleggsdrifta på riksvegane i 1979

Denne oversikten gjev ikkje på noko måte oversyn over alt som vil bli arbeidd med på anlegg i 1979, men vi har plukka ut nokre anlegg som på ein eller annan måte kan være litt interessante både for etaten og andre.

For **parsellen Sogge bru — Rauma bru på E69** ligg det føre godkjente planar, men det er ikkje ordna med grunnavståelse. Vi håper at det kan haldast skjønn slik at anleggsarbeidet kan ta til i år. Det blir først teke sikte på å fullføre parsellen Grøttør bru — Rauma bru som kan takast i bruk med ei mellombels samankoppling ved Grøttør. Ein får då avlaste noko av den dårlegaste delen av noverande E69. Elles vonar ein sjølv sagt at arbeidet med heile parsellen kan gå kontinuerleg.

På **riksveg 14** skal det byggjast ei ferjekai nr. 2 ved Festøy. Ferjesambandet Festøy-Solevåg er eit av dei store i fylket med omsyn til trafikk-tal. Mellom anna av den grunn er det naudsynt å ha eit tillegg i reserve.

I Volda skal det og byggjast ny ferjekai og noko løyving er disponibel. Her er likevel spørsmål om det lukkast å få godkjent plan og ordna med grunn i tide til å sette arbeidet i gong i år.

Det mest interessante som skjer på **riksveg 16** er bygging av ny Nord-sund bru med veg. Denne er om-handla annan plass i avisar.

På **riksveg 58** er det ymse utbetring i gang mellom Oppland grense og Eidsdal, men størst drift er det på nordsida av Storfjorden. Parsellen Overå-Mo med Vad bru er planlagt fullført i år. Det same gjeld og Stab-begylet tunnel mellom Stordal og Vaksvik, der ein med tunnel får sirk-ring mot snø og steinsprang.

I samband med dette arbeidet må og nemnast fullføringa av Gravanes-vegen som vil føre til eit nytt ferje-driftopplegg på Storfjorden. Dei gamle ferjerutene Stordal-Stranda og Eidsdal-Linge-Overåneset-Stran-da blir avløyst av to tversamband: Stranda-Liabygda (Gravaneset) og Eidsdal-Linge.

I Molde skal arbeidet med gang-sykkelvegen på **riksveg 62** halde fram med fullføring av det som står att mellom Moldegård og Naustve-gen. Dermed får ein samanheng i gang-sykkelvegen frå Moldegård til Astrupsveg ved Kviltorp.

Riksveg 63 i Valldal får ei foreløpig siste ansiktsløfting ved at det blir lagt fast dekke opp til Langdal.

På **riksveg 65 og 670** byrjar arbeidet med omlegging ved Skei i Surnadal. Desse to riksvegrutene må sjåast i samanheng då det skal skje ei viss ombygging av begge i samband med nytt kryss ved Skei. Arbeidet må elles gå over fleire år.

Den noverande Storbrua i Batnfjord-søra, riksveg 66, går mot ei avløy sing ved at arbeidet med ny bru og tilstøytande veg blir sett i gang i år.

I **riksveg 67** skal det opparbeidast ein kortare parsell frå Eide mot Visnes, parallelt med gang- sykkelveg.

Dette er første trinn i ombygginga Eide-Ørjavik.

På **riksveg 653** er det rekna med å sette trafikk på parsellen Garnes-Havåg, der ein mellom anna vil ta i bruk Selvåg tunnel.

Kjell Loen

Hyggelig tiltak av Ulstein kommune

Det har i de siste åra vært et omfat tende anleggsarbeid igang i Ulstein kommune. Som et bevis på at kom munen har satt pris på dette, ble alle anleggsarbeiderne med fruer invitert på julebord på Ulstein Hotell.

En festkledd forsamling på ca. 60 hygget seg med deilig julemat. Ord fører, varaordfører og kontorsjef var verter, med varaordføreren som en meget dyktig toastmaster.

Driftssjef Vollset takket kommunen for det hyggelige tiltaket.

Samme dag var det også gjennom slag i Selvågtunnelen og dette satte

selvsagt en ekstra spiss på arrangementet.

Et noe mer vemodig innslag var ut deling av diplom og gave til Elias Bakken og blomster til fru Bakken. Etter 33 års innsats i vegvesenet sluttet Bakken ved årsskiftet.

Med dette er nok en av våre vetera ner gått over i pensjonistenes rek ker.

Vi vil med dette få takke Ulstein kommune for et hyggelig tiltak i troen på at vi tross alt blir satt pris på rundt om i fylket.

Arne Lauvrak

Snøbrøyting ved riskøyring.

Hausten 1879 søkte Vanylven herads styre om løye til å halde vegen i Små stranda (Torvik - Slagnes, no riksveg 61) open ved riskøyring. Grunngjevinga for dette var at snøtilhøva var meir omskifta ne der enn på dei andre offentlege

vegane, og at det for det meste var så li te snø der at plogkøyring ofte var meir til skade enn til gagn.

Bj. R.



«VEG OG VIRKE» I FYLKET



I serien: «Presentasjon av et vedlikeholdsområde» har vi denne gang kommet fram til vedlikeholdsområdet T-4.

Vedlikeholdsområde T-4 ligger på nordre Sunnmøre og omfatter kommunene: Ålesund, Sula, Skodje, Haram og Giske.

Det er til sammen 134 km riksveg og 246 km fylkesveg i området. Derav blir vedlikeholdet av 5,5 km riksveg og 158 km fylkesveg administrert av kommunene. Av vedlikeholdsområdets riks- og fylkesveger har 70% fast dekke. Resten er grusveg.

Standarden på vegnettet er variabel. En har veger med meget god standard (Brudsalsvegen) og en har veger som må betegnes som dårlig (Hildestranda). Gjennomsnittlig er vel standarden lik gjennomsnittet for resten av fylket.

Vedlikeholdsarbeidet utføres av en vegmester, en oppsynsmannsassistent, og til sammen 14 sjåfører, maskinkjørere og spesialarbeidere.

Utgangspunktet for vedlikeholdsarbeidene i området er vegstasjonen i Dragsund og et garasje/lagerbygg på Ålesund kommunes tomt i Spjelkavik.

I tillegg har en mindre «støttepunkt» rundt i området hvor en lagrer grus og lignende.

I Dragsund har også vegsentralen en avdeling hvor en foretar vedlikehold, service og reparasjoner på egne biler maskiner. Herfra har en dessuten ansvaret for reparasjon av ca. 40 ferjekaijer.

I Spjelkavik er en sammen med anlegg i området på utvik etter en ny tomt som kan danne utgangspunkt



Otto Jøsok



Sveinung Myklebust



Egil Alvik



Kristian Busengdal



Marius Græsdal



Magnar Frostad



Lars Hofseth



Ivar Hoem




Hans Ness



Marton Oterlei



Magnar Skrede




Lars Stette

for både anleggs- og vedlikeholdsarbeider i vestre deler av vedlikeholdsområdet.

Vedlikeholdsarbeidet har skiftet karakter de senere år. Tidligere bestod

arbeidet for en stor del av å gruse og skrape vegbanen.

I dag har vegstandarden bedret seg så mye at en vanligvis slipper å foreta rene redningsaksjoner for å holde



Norvald Urkedal



Kjell Vadset



Jacob Øvstedal

trafikken i gang. En har derfor muligheten til å planlegge vedlikeholdsarbeidet på en langt bedre måte.

Det viser seg også at når trafikken blir stor (Spjelkavik/Ålesundsmrådet) blir vedlikeholdsarbeidet mye et servicearbeid for å holde trafikken flytende.

En har den siste tiden så smått startet opp med felles byggemøter hvor anlegg og vedlikehold deltar.

Hvis denne utviklingen fortsetter i rett retning, har en muligheten til å utnytte vegvesenets ressurser på en stadig mer effektiv måte.

Sverre Digernes

Løsning på «Vegkryss nr. 4-78»



Vinnere ble:

1. Kristian Myrstad, 6252 Liabygda
2. Åsrunn Søbjørnsen, 6296 Harøy
3. Per Longva, Televerket, 6001 Ålesund

Premiene er tilsendt.

Anleggsarbeider 1979 innenfor T-4 (Ålesundsområdet)

En presentasjon av anleggsaktiviteten i Ålesundområdet akkurat nå blir vel som å prøve å puste i tynn luft. Mer snø enn på lenge, over meterdyp tele gjør tanken på effektivt arbeid fjern, så vi får heller koncentrere oss om ting som har skjedd og om hva som er på trapene i kommende år.

Ansvaret for daglig anleggsledelse i området har oppsynsmann Karl Overå, godt assistert av Arne Leikanger. Kontorarbeidet tar Gudmund Grande seg av. I en årrekke har det vært fast «anleggskontor» i Fremmerholen og brakkeleir i Breivika like ved.



Det ble et omfattende flåspregningsarbeid midt i det trafikkerte Ålesund sentrum.

Selv om mange forskjellige anlegg har vært i gang i 1978, kommer man vel neppe utenom å legge spesiell vekt på den hektiske innspurten like før jul da (endelig!) den såkalte motervegen — innfartsvegen fra Nørvegata langs sjøen over Buholm-

sundet og inn i byens hjerte ved Kipervikpiren — ble åpnet.

Grovarbeidet for denne vegparsellen har pågått over flere år. Hus er revet, titusener av kubikkmeter fjell og løsmasse er flyttet, kloakk- og vannledninger er omlagt og lednin-



Side om side med den nye vegen ligger fremdeles den tradisjonelle — og etterhvert sjeldne — brustenen. Her i Klaus Nilsensgt. ved ferjekaia til Hareid.



Den siste finpuss på fortauet før dekkelegging — her Nils A. N. Sæter i «valsen».

ger og kabler er «gjømt» i vegleget.
met.


Like før jul i snø, frost, slaps og sole skulle dekke legges, rekkverk og lys monteres, trafikkøyser, skilt og merking skulle på plass og alle de tusen småting koordineres. I denne hektiske tida var anleggsfolk fra hele di-

striktet samlet til innsats; — snekkere fra Skodje og Midsund såvel som vedlikeholdets «spesialfolk» for skilting og merking.

Spesielt for denne vegparsellen er at den er forsynt med «helautomatisert» lyskryss der trafikkmengden i de forskjellige retninger bestemmer



Basen sjøl — Olger Ræstad — hadde ikke mye tid til fotosmil. Her ved Kipervikpiren dagen før åpning.



Kabler og rør kryr det av i den nye veggen. Her er det televerket som støper inn sine varerør før vegvesenet får slippe til med videre arbeid.

hvordan det grønne lyset slås inn. Ellers skal en «skog» av skilt og anvisninger på portaler og stolper hjelpe trafikantene fram i rette filer på vegens topekadekke.

Erfaringene til nå med den nye parsellen må sies å være gode. Den velkjente «korken» i rushtida i Ålesund er redusert, men problemene lenger øst blir til gjengjeld lagt bedre merke til enn før. Arbeidsoppgaver i framtida er det altså nok av!

Daglig ansvar for arbeidene i byen med all kontakt med kommunale etater osv. og koordinering av entreprenører og egne arbeider har Arne Leikanger hatt. Han fikk da også selvfølgelig jobben med å åpne parsellen.

Mer i bakgrunn — og opptatt med de siste gjøremål før alt kunne sies å være klart — var de andre nøkkelmennene bak jobben; basen sjøl Olger Ræstad, basen for fjellarbeidet



Dekkelegging, kantsteinmontering, massetransport og rekksverksoppsetting midt i trafikken gikk ikke alltid så velordnet som her.



Stunden er kommet den 15. desember. Uklift silkesnor sees i forgrunnen. Anders Moen lar NRK få del i de velvalgte ord om anlegget. Stedet er midt i lyskrysset og Arne Leikanger skal snart fram med kniven.

Karl Hildre og tilretteleggeren og altmuligmannen Lars Sorte.

Det har nå likevel skjedd andre ting på anleggssektoren i 1978. På Ellingsøya er den 3 km lange fylkesvegsparsellen Eidsvåg-Myklebust tatt i bruk — en bra begynnelse på opprustning av den elendige vegen her. Ved Solevåg ferjekai er ny holdeplass og gangveg på det nærmeste ferdig, og mot Olsvika ble det også ferdig ny veg. Dekkelegging og småarbeid er også skjedd på riksveg 656 mot Sulesund, og nevnes må vel også «opprustinga» av ferje kaia ved Skateflua.

Pr. dags dato er det virksomhet disse steder:

a) Bygging av fylkesvegsparsell på **Vigra ved flyplassens vestende**, slik at sikringssonen kan forlen-

ges. Her er arbeidet i full gang, og det er Dagfinn Christiansen og Nils A. N. Sæter, begge «fra stedet», som står for arbeidet.

b) På fylkesvegen fra Stette mot Ellingsøya i Skodje kommune er fjellarbeid i utmarka ved Stafset i gang. Her er det Ingvald Flåte, Øyvind Håhjem og Tore Storbråten som står for arbeidet — de samme som tidligere har vært på Ellingsøya. Sprengingsbas er Karl Hildre, som sammen med tre erfarte sysselsettingsmannskaper alt har fatt ut en god del fjell i vestenden av parsellen.

På grunn av mink- og revefarmer ved linja må det satses på å få utført fjellarbeidet før hvalpetida i vår, og med all snøen den siste ti-



*Det nye lyskrysset. Totalt er det 6 trafikkportaler med «lysende» skilt i området.
(Foto Sunnmørsposten)*

- da er ikke dette noen lett oppgave.
- c) Utvidelse av Nørvegata med bygging av gang/sykkelveger på begge sider, forsterkning av bæreevennen, kanalisering av kryss osv. med sikte på at denne skal tjene som riksveg (innfartsveg) er for så vidt startet opp, men står nå «i stampe» grunnet værforholdene. Ca. 1 km forutsettes ferdiggjort til høsten.
- Oppgavene i 1979 kan vel ellers summeres opp slik:
- Dekkelegging og avslutningsarbeider som lys, skilt, rekkeverk osv. ved **Solevåg ferjekai**.
 - Dekkelegging på busslommer, gangveger og i kryss på **Olsvik**-
- vegen**, samt eventuell opprustning videre østover mot «UFO pukkverk».
- c) Bygging av ny ferjekai i betong på **Valderøy** samt noe omregulering av oppstillingsplassen og utmudring av havnebassenget. Dette arbeidet vil vesentlig «spesifolk» på ferjekaisektoren stå for.
- d) Etterarbeid og noe dekkelegging på **Ellingsøya**.
- e) **Grusparsellen i Stettebygd**, riksveg 659, vil ventelig bli påbegynt etter sommeren med tanke på fullføring i 1980.

A. Wicken

Fylkesveganlegg SLYNGSTAD—SKJELTEN

Fylkesveganlegget Slyngstad-Skjelten ligger i Haram kommune. Anlegget har en lengde på 20,7 km.

Arbeidet på anlegget startet opp i 1969 og holdt på til 1975. I denne tida ble parsellen Hamnsund-Gryta, 6,0 km, bygd.

Det var så en pause i arbeidet fram til sommeren 1978.

Arbeidet foregår nå på parsellen Gryta-Kråkset, som er 6,0 km. Vegen på denne parsellen ligger nærmere sjøen enn den gamle. Det blir kun en sammenbindingsveg mellom

gammel og ny veg. Terrenget er kupert og det er god massebalanse i linjen. Ved Gryta blir en del av vegfyllinga liggende i sjøen, uten at dette skaffer noe stort problem. To naust blir liggende innenfor linja, de må enten flyttes eller skaffes undergang gjennom vegen. Vegbredden er 6,0 m. beregnet kostnad i 79-kroneverdi for parsellen er 8 mill. Bevilgnigen for 1979 er 1,0 mill. kroner. Etter bevilningsprogrammet for perioden 1978-81 skal det i hvert av åra 1980 og 81 bevilges 2,0 mill. kroner, men i den vanskelige øko-

nomiske situasjon kan det være fare for nedskjæring av bevilningsprogrammet.

Eksisterende veg er både smal og krokete. Den virksomheten som finnes i distriktet tilsier at vegstandarden forbedres. Likeledes arbeides det med innkortning av «Nordøyferja» og dermed økende trafikk over på vegen.

For tiden arbeider 4 mann på veganlegget.

I tillegg blir det i en kort periode i vinter sysselsatt 4 mann for ekstraordinære bevilninger.

Oppsynsmann er Ole Reiten.

Kristian Furland

Overingeniør SVERRE BRÆND



Overingeniør Sverre Brænd døde 24. januar 1979. Brænd var født i Sollia i Østerdalen i 1895, ble student 1916 og bygningsingeniør fra Norges Tekniske Høgskole 1921. Fra han begynte i Østfold vegvesen høsten 1921 og til han sluttet i Møre og Romsdal høsten 1966 ble det 45 år sammenhengende tjeneste i Statens vegvesen. Han tjenestegjorde 1927-1937 i Nordland og deretter 6 år i Hordaland inntil han tiltrådte som avdelingsingeniør i i Møre og Romsdal i august 1943. Brænd fra-

trådte tjenesten som overingeniør ved oppnådd pensjonsalder 1. januar 1964, men fortsatte som ekstringeneniør på pensionistvilkår til november 1966. I de senere år har han bodd på Jar.

Her i fylket ble Søre Sunnmøre Brænds arbeidsfelt gjennom 23 år. En tjenestereise til og på Søre Sunnmøre i 1940-årene var både tidkrevende og møysommelig. Brænd fikk i høg grad bidra i realiseringen av veganlegg og ferjesamband som fullstendig omskapte kommunikasjonsmulighetene i dette distriktet.

Vi som har arbeidd sammen med Sverre Brænd vil minnes ham som en interessert og jordnær planlegger og vegbygger, som en grei og real kollega, som et vel orientert samfunnsmedlem, velmenede og elskverdig i all sin ferd. — Og nå ved vegs ende vil vi lyse fred over denne vegbyggars minne.

Arne Inge Torvik

STANDARDHEVING VED VEGBYGGING

Ved vegkontoret har vi nettopp avsluttet arbeidet med forslag til riksvegbudsjett for 1980 og langtidsbudsjett for 1981.

Disse 2 årene er de siste i vegplan-perioden 1978-81. Det synes nå klart at summen av de midler vi har fått stilt i utsikt for disse årene og de gitte bevilgninger for 1978 og 1979 medfører at det for perioden 1978-81 blir en betydelig bevilningssvikt i forhold til det som var angitt i Norsk Vegplan for samme periode. Dette vil medføre at en stor del arbeider som var tenkt utført i årene 1978-81 blir stående som u gjort ved periodens utløp. Med det store behov vi i fylket har for vegombygginger, utbedringer, forsterkningsarbeider og bygging av faste dfekker m.v. er dette en beklagelig kjensgjerning.

For å redusere skadenvirkningene mest mulig, innbyr den oppståtte situasjon en sterk oppfordring til oss alle i vegvesenet å gjøre vårt ytterste for å strekke midlene lengst mulig innenfor det vi kan kalle akseptabel kvalitet i arbeidet.

I den sammenheng er det nærliggende å komme litt inn på et begrep som gjerne kalles standardglidning. Det kan forklares som den tendens det kan være til under arbeidet å heve utbyggingsstandarden til et nivå det ikke er full dekning for i den vedtatte plan. Særlig kan det i mange tilfeller være svært så nærliggende og fristende å foreta økning i vegbredden.

Der vi bygger helt ny veg i jomfrueilig terregn er vel vanligvis problem ikke så stort. Her er den standard det er lagt opp til som regel fullgod for den trafikk som kan ventes. Verre kan det være når vi driver utbedringsarbeider langs eksisterende veg. For å få midlene til å strekke til over ønskede antall kilometer har vi i slike tilfeller ofte vært nødt til å legge opp til en standard som er noe lavere enn vi kunne ønske. Da vi alle gjerne vil gjøre en skikkelig jobb og vise fram et arbeidsstykke vi er tilfreds og stolt over, kan i slike tilfeller ønsket om å foreta standardheving melde seg. Og det må vel innrømmes at vi av og til har falt for denne fristelse. Det positive ved det er selvsagt at så langt vi rekker blir resultatet bedre enn forutsatt, men det negative er heller ikke å skjule, nemlig det u gjorte arbeid.

Riksrevisjonen og Vegdirektoratet har nylig innskjerpet streng nøkternhet og nødvendigheten av å holde seg strengt til godkjente planer slik at det under selve bygges prosessen ikke skjer standardglidning. Om det under arbeidet likevel skulle oppstå uforutsette forhold som gjør endringer sterkt ønskelig må dette alltid tas opp til drøfting slik at avgjørelse kan skje på ansvarlig hold. Kostnadene med vegbygging er selvsagt ikke bare avhengig av den vegbredde som nyttes. Her kommer

alle prosesser inn. Uten å komme inn på alle disse forhold vil jeg her bare nevne bruken av overbygningsmasser. Disse er alltid dyre og de må bare brukes på riktig plass og i riktig mengde. Når disse masser er kommet til lager på anlegget, er de vanligvis lett tilgjengelige og kan være for lette å ty til i strengt tatt unødvendige tilfeller, eksempelvis for oppretting av et ujevnt eller for lavt trau eller ved bygging av en

avkjørsel. Dette fører straks til økede kostnader uten bedring av kvalitet.

Vi må alle på hele driftssiden gjøre vårt aller beste for å holde alle kostnader så lave som mulig uten at kvaliteten kommer under fastsatt nivå. Ved de reduserte investeringsrammer og den generelt strammere økonomiske situasjon er dette viktigere enn noensinne.

E. Vollset



Vegkasserekneskapen og boktrykkaren.

I det eksemplar av vegkasserekneskapen for Romsdals amt for året 1829 som amtmannen sende til prenting, var det kome inn ein skri-vefeil med di reparasjonskostnaden for ein vegmur på garden Åsen i Sur-nadal tinglag var feilskrive til 2 spd. 48 sk. i staden for 2 spd. 40 sk.

Boktrykkaren var ein mann som heldt auge med at summeringa svara til posteringsane, og han retta dette som han trudde var feilsumming ved å legge 8 skilling attåt hovudsummen over utgiftene. Såleis kom rekneskapen til å syne 8 skilling (= 26,7 øre) mindre i kassesummen enn det fogdane hadde ansvar for.

Denne skilnaden vart ståande i 3 år, men i rekneskapen for 1833 vart det retta med denne teksten:

«I det Bogtrykkeren tilsendte Exemplar af Veikasse-Regnskabet for 1829 var den 3die udgiftspost feil-skrevet 2 spd. 48 Sk., istedet for 2 Spd. 40 Sk., da Bogtrykkeren antog at Regnskabet var feilopsummeret, lagde han disse 8 Sk. til Hovedsummen, hvilken han i de trykte Regnskaber for de 3de følgende Aar saaledes ogsaa har anført 8 Sk. formegent; de tages nu her til Intægt....8 Sk.»

Det kan i denne samanheng nem-nast at det til utreiling av utgifter for vegvesenet i året 1833 var forskots-vis utlikna på matrikkel-skylda i am-tet 15 skilling pr. skylddalar, med 1871 spd. 103 sk.

Bjarne Rekdal



FASTE DEKKE

Året som gjekk

I 1978 blei det totalt lagt faste dekke på 285 km riks- og fylkesvegar her i fylket.

Av dette blei 238 km utført i eigen regi, medan 46 km blei utført av entreprenør.

Fordelinga på nye dekke og slitedekke på riks- og fylkesvegar var slik:

Slitedekke på riksvegar	108 km
Slitedekke på fylkesvegar	27 km
Nye dekke på riksvegar	63 km
Nye dekke på fylkesvegar	87 km

Dei ymse dekktypane fordeler seg slik:

Asfalt	46 km (entreprise)
Kaldasfalt	
(Alg)	53 km (eigenregi)
Oljegrus	143 km (eigenregi)
«Ottadekke»	42 km (eigenregi)

Entreprisearbeid

Alt entreprisearbeid blei utført av firmaet Sigurd Hesselberg A/S. Dei hadde blandeverk ståande i Spjelkavik, Skorgen i Isefjorden og i Kristiansund.

Arbeid i eigen regi

Oljegrusen og asfaltløysingsgrusen (Alg) var produsert i eigne blandeverk ved Røkkum og i Vistdal. Herifrå blei den frakta fram til nærmeste kai ved utleggarstaden med båt.

På dei to produksjonsstadane blei det produsert følgjande kvantum:

Røkkum	Alg	13 000 tonn
	Oljegrus	61 000 tonn
Vistdal	Alg	24 000 tonn
	Oljegrus	42 000 tonn
Sum		140 000 tonn

Som det vil gå fram av desse tala er 73% av produsjonen i eigen regi oljegrus. Denne prosenten har i dei siste åra variert mykje. I 1974 var han nede i 20%, i 1975 var han 52%, i 1976 74% og i 1977 55%. Det er grunn til å rekne med at delen av oljegrus i framtida vil utgjere om lag 60-70%.

I fjor starta vi opp med 3 utleggarlag for oljegrus og «kaldasfalt». Rundt 1. juli gjekk det eine laget over til å legge «Ottadekke».

Frå sentralt hald er fylka blitt oppmoda om å legge lettare dekke, som «Ottadekke» og overflatebehandlinger, i større omfang enn tidlegare, dette først og fremst av økonomiske årsaker. Eit «Ottadekke» kostar normalt ca. 2/3 av eit oljegrusdekk, og har like stor slitestyrke. I vårt fylke kan vi ikkje vise til slike gunstige økonomiske resultat etter det første driftsåret, men vi reknar med at dette skal rette seg når vi vinn meir erfaring.

«Ottadekke» er det mest aktuelt å legge som nytt dekke på fylkesvegar og riksvegar med liten trafikk. Overflatebehandlingar blir mest nyt-

ta ved fornying av asfaltdekker, men det kan og vere aktuelt å prøve denne dekketypen ved fornying av olje-

grusdekker. Det kan og leggast som sjølvstendig dekke på grusunderlag.



Utstyr (vist på bilde) og arbeidsmåte ved legging av «Ottadekke» er vel kjent for dei fleste, men vi skal likevel her gi ei kort orientering om arbeidsmåten.

Utstyret som blir brukt består av sprøytevogn, sjøvgåande singelspreiar og gummihjulvals. På det ferdig oppretta og komprimerte grusbærelaget, blir det først sprøyta ut ein film av asfaltløysing - ca. $1,8 \text{ kg/m}^2$ MC4 -. Deretter blir det strødd eit tynt lag sams knust grus over bindemidlet - ca. 20 l/m^2 0-16 eller 0-18 mm. Til slutt blir grusen valsa ned i bindemidlet. Det blir gjerne eit overskott av grus som ikkje går ned i dekket. Dette må kostast opp etter at trafikken har gått ei tid på dekket og arbeidd saman bindemidlet og grusen.

Utstyr og framgangsmåte er den same ved legging av overflatebehandlingar. Men her blir det gjerne brukt andre typar bindemiddel og til avstrøing blir det brukt singel i staden for knust grus. Dei mest nytta fraksjonane er 8-12 og 12-16 mm.

Planar for i år

På riks- og fylkesvegnettet her i fylket er det i 1979 planlagt å legge dekke for 33 mill. kroner. Den samla dekkelangda blir om lag 280 km.

Når det gjeld fordelinga mellom nytt dekke og slitedekke på riks- og fylkesveg blir denne slik:

Slitedekke på riksveg	125 km
Nytt dekke på riksveg	41 km
Nytt dekke på gangveg	6 km

Slitedekke på fylkesveg	32 km
Nytt dekke på fylkesveg	76 km

Av dei 41 km som er nytt dekke på riksveg, blir om lag 22 km lagt på parsellar som avløyser tidlegare

grusvegar. På fylkesvegane er det tilsvarende talet 45 km.

Her er ei oversikt over dei strekningane det er tenkt å legge fast dekke på i 1979:

Entreprise

Rv	km			
69 Veblungsnes-Innfjorden	1,2	60 Blindheim-Magerholm	6,4	
69 Måndalen-Våge	8,8	60 Straumgjerde sentrum	0,5	
69 Parsell ved Søvik	1,1	60 Ringstad-Stranda f.k.	0,9	
69 Sylte-Bjermeland	3,8	62 Glamox-Tøndergård	1,0	
69 Sjøholt-Storvik	1,6	62 Røbekk-Hjelset	10,6	
69 Parsell på Åsestranda	1,0	64 Åndalsnes sentrum	0,6	
69 Nørvegata	1,0	64 Skytterhuset-Grønnes	6,3	
14 Spjelkavik-Blindheim	1,0	66 Parsell på Eidsetra	0,9	
14 Vegsund-Solevågseid	2,2	67 Årø-Eikremsmyra	2,8	
14 Solevåg ferjeholdeplass	1,0	659 Brattvåg sentrum	1,1	
16 Sunndalsøra-Fonnafonnat.	1,7	662 Kapellet-Meek bru	0,9	
58 Stabbegjølet tunnel	0,7			


Eigenregi

Rv	km			
16 Broneset-Kjerrvik	4,3	652 Grydal-Uraneset	2,7	
16 Parsell på Beiteråsen	0,8	654 Tuftene-Lillenes	2,9	
58 Oppland gr.-Blåfjell	7,5	659 Parsell Brattvåg	0,6	
58 Kvanndal-Hellebakkane	1,8	660 Parsell Vistdalsheia	4,2	
58 Opplenskedal-Geiranger	7,3	661 Krogsbakken-«Idahall»	1,7	
58 Parsell ved Stabbegjølet	1,8	663 Eidem-Talstad	2,2	
60 Sve-Habostad	4,5	664 Parsell i Stavika	0,8	
60 Ringdal bru-S. og F. gr.	11,2	666 Torvikbukt-Holten	3,0	
60 Åheim-S. og F. gr.	1,0	669 Parsell på Dyrnes	1,0	
62 Gravaneset-Hyllneset	3,3	669 Steinsøy-Råket	1,2	
63 Langdal-Krike bru	3,2	Fv		
63 Linge-Sylte	4,0	01 Parsell ved Åheim	1,1	
64 Frøystad-Åfarnes	5,0	02 Fiskå-Strand	2,3	
65 S.Tr.lag gr.-Rindalskogen	6,0	03 Norddalen	5,6	
65 Parsell ved Kanestraum	0,8	04 Sørdalen	5,6	
66 Bjerkeset-Høgset	14,3	08 Gurskevåg-Myklebust	0,5	
67 Parsell på Fræneidet	1,9	16 Frøystad-Bø	1,0	
67 Brandseter-Nås	1,8	18 Veg til Runde	3,5	
67 Hjertvik-Smenes	2,0	20 Fosnavåg-Igesund	0,6	
67 Kårvåg-Hoset	3,5	35 Hjørungavåg-Steinløysa	1,9	
71 Klettelva-Henda	1,2	41 Bjørke-Viddal	5,1	

47 Ekset-Berknes	1,0	201 Sundsbø-Ugelvik	12,0
55 Høgebru-Høgebru	16,0	216 Hukkelberg-Falkhytten	1,5
71 Straumgj.-Ikornes	7,0	235 Bergset-Vikan	2,0
91 Eidsdal-Nordal	4,2	247 Vassåsen-Mek	1,0
106 Parsell Engesetdalen	5,0	257 Kjerkvåg-Ekkilsøy	2,6
111 Brusdal-Fremmerholen	6,6	276 Eide-Krakelia	2,0
164 Kyrkjesytle-Øvstedal	2,5	311 Hårstad-Dalen	4,5
171 Sæbø-Voll	4,5	370 Tømmervåg-Gullstein	4,0

Oddmund Gussiås

Magne Mørkedal



Nordmøringer gjorde ikkje krav om vederlag for vegfyll.

I eit brev den 19. juli 1839 frå amtmannen til kaptein Astrup (bustad Eikrem i Bolsøy), som vart veginspektør for Romsdal i 1839, er opplyst at vederlag for vegfyll til hovudvegane til vanleg hadde vore utreidd med ein omakkordert sum når vederlag hadde vore kravd og kunne krevjast etter veglova av 28. juli 1824. Amtmannen hadde i den seinare tid, opplyser han i brevet, skrive til vegin-

spektørane i Romsdal og Sunnmøre fogderi om å få i stand til godkjenning akkordavtalar med grunneigarar om tenleg vegfyll når vederlag vart kravd. Liknande skriv var ikkje sendt til veginspektøren i Nordmøre «thi i Nordmøre Fogderi har til denne Tid ei nogen gjort Paastand paa Godtgjørelse for Veifylde Afgivelse.»

Bj. R.

VANNRETT


- 1 Motvilje
- 9 Despot
- 14 Likegyldig
- 16 Ujevn
- 17 Grep
- 18 10
- 19 Sjømann
- 21 Elv i Mellom-Europa
- 24 Mynt
- 26 Pron.
- 27 Prep. og adv.
- 29 Øy nær Ålesund
- 31 Ingenlunde
- 32 Renn
- 33 Butikk-kjede
- 34 Legemsdelen
- 36 Didrikk Thorsen
- 37 Bitter
- 39 Til like med
- 40 Vond
- 41 Pron.
- 43 Banning
- 44 Geitekilling
- 46 Pron.
- 47 Sete
- 49 Ild (Bakv.)
- 50 Sykdom, (fork.)
- 51 Sex appeal
- 52 Tryne
- 53 Elv
- 54 Ør
- 56 Synsmåte
- 59 Foruten
- 62 Slingre
- 63 Del av plante
- 65 Myntenhet
- 67 Irritasjonen
- 70 Annonsen

LODDRETT

- 1 Selvlært
- 2 Bru over veg
- 3 Enslig
- 4 Rolf Teige
- 5 Erotikk
- 6 Junior
- 7 Vokaler
- 8 Norsk standard
- 9 To
- 10 Arbeidsdag
- 11 Nr. 18 og nr. 20
- 12 Nummer
- 13 Norsk elv
- 15 Purke
- 20 Fest
- 22 Rotvekstene
- 23 Stedfortreder
- 25 Retning
- 28 Gulvbelegg
- 30 Pungrotte
- 35 Fisk
- 38 Gåtefull
- 41 Begynne
- 42 Titter
- 45 Nettopp
- 46 Kosthold
- 48 Ufruktbare
- 55 Støter
- 57 Trau
- 58 Nederland
- 59 Festsal
- 60 Older
- 61 Skipsbetegnelse
- 64 Pikenvavn
- 66 4
- 67 Lengdemål
- 68 Omv. himmelretning
- 69 Månefase

KRYSSORD

av avd.ing. Kristian Furland



De tre først uttrukne løsninger premieres med 2 lodd i Pengelotteriet. Løsningen legges i konvolutt merket «Vegkryss nr. 1 -79» og sendes Vegkontoret, Fylkeshuset, 6400 Molde, innen 2. april 1979.

Innsender:


